

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	12.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/88484-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/6319 - 22/75732
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gnr. 110 bnr. 1 - Syslak - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 27.01.14 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Syslak i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Alver kommune informerer om at det ikkje er mogleg å byggje den siste delen av vegen. Vegen er vert difor om lag 100 meter kortare enn kva situasjonsplanen visar.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*